

Innkalling til instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 28. august 2024, kl. 12.15

Stad: rom 216, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Kari Soriano Salkjelsvik.

Frå gruppe B: Emil Perron

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Belinda Munoz Solheim, Eirik Tiller og Ronja Roti Johannesen

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 28. mai 2024

Referatet vart sendt ut 16. august.

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Tilsetjingar
- B) Status for programportefølje-prosjektet ved fakultetet
- C) Reakkreditering arabisk BA
- D) Tildelingar av forskingsstøtte
- E) Omorganisering i administrasjonen

Sak 4 – Høyring om ny budsjett- og ressursfordelingsmodell for HF

Ei arbeidsgruppe ved fakultetet har kome med framlegg til ny modell for budsjett- og ressursfordeling ved fakultetet. Denne modellen er no ute på høyring. Heile instituttrådet var invitert til eit orienteringsmøte i juni og instituttleiinga har no laga eit utkast til høyringsfråsegn som vi no legg fram for drøfting i instituttrådet.

To vedlegg.

Sak 5 – ymse

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Framlegg til ny budsjett- og ressursfordelingsmodell ved HF

Høyringssvar frå Institutt for framandspråk

ePhorte 24/1354

Det humanistiske fakultet har sendt ut på høyring framlegg til ny modell for deling av driftsbudsjett til institutta og sentera, inkludert delinga av stipendiatstillingar. Institutt for framandspråk (IF) vil takka for ein god og grundig rapport, og for at lokalnivået er invitert til å uttala seg om den skisserte modellen.

Hovudsak: sikra fastlønsbudsjettet

Rapporten får på ein god måte fram at det er overordna for oss som fakultet å styrka rammene for den faglege bemanningsplanen ved fakultetet. For å få til dette, må “korte” pengar førast over til “lange” pengar som kan investerast i faste stillingar. IF støttar dette overordna grepet, som i den skisserte modellen kjem til uttrykk gjennom at ein større del av inntektene frå eksternfinansierte prosjekt (BOA) blir kanaliserte til fakultetet.

Nedside: Mindre pengar til deling lokalt

Sjølvsagt om vi ser det som eit naudsynt grep å føra ein større del av BOA-inntektene over til fastlønsbudsjettet, kjem ei slik endring med ein prislapp for instituttet. Driftsbudsjettet vårt er allereie knapt, og ein reduksjon av inntektene frå BOA vil gjera at vi får mindre pengar å fordela til viktige føremål som forskingsstøtte og bruk av vikarar og andre mellombels tilsette. Størstedelen av driftsbudsjettet ved IF går til ulike typar løns- og honorarutgifter, som vikarar, sensorar o.a. Her blir det tøffe prioriteringar framover, og institutt og senter vil få mindre handlingsrom innanfor driftsbudsjettet.

Målet for både institutt og fakultet må vera å henta inn fleire gode eksternfinansierte prosjekt, rekruttera fleire studentar og ta godt vare på dei vi har. Greier vi dette, vil det i neste omgang òg styrka både fakultets- og instituttøkonomien.

Kriteria for tildeling til driftsbudsjettet

Rapporten skisserer ein ny modell for resultatbasert deling av driftsmidlar til einingane. Desse kriteria blir lagt til grunn: gjennomføring på normert tid, studiepoengproduksjon, doktorgradsproduksjon og publikasjonspoeng.

Denne modellen skil seg frå både den nasjonale modellen og frå den interne fordelingsmodellen ved UiB. Særleg vil vi peika på at HF har valt å leggja inn publiseringspoeng som eit av tildelingskriteria til einingane, sjølv om dette kriteriet ikkje gjev

utteljing i tildelinga frå UiB sentralt til fakultetet. Instituttet meiner dette kriteriet bør strykast som resultatkrITERIUM for institutt- og senterbudsjetta. Auka publisering vil ikkje gje betre finansiering frå departementet til UiB og heller ikkje frå UiB til fakultetet. På nasjonalt nivå har ein valt å ha tillit til at medarbeidarane publiserer uansett og at det finst tilstrekkeleg med andre incentiv som oppmuntrar til publisering. Vi bør bruke fordelingskriteria som ein måte å fokusere på tiltak som styrker innsatsen på område kor vi verkeleg treng det. Og der ein legg inn særlege incentiv, bør desse i størst mogleg grad målrettast mot rekruttering av studentar, gjennomføring av studium og innhenting av eksternfinansierte prosjekt.

Fordelinga av stipendiatstillingane

Stipendiatstillingane er ein av dei viktigaste ressursane vi disponerer med tanke på både forskning og framtidig rekruttering. Rapporten viser på ein god måte at fakultetet har hatt ulike modellar for disponering av stipendiatstillinga gjennom dei siste tiåra. Komiteen foreslår ein ny modell der fakultetet (som før) disponerer nokre av stipendiatstillinga og der resten blir fordelt til institutt og senter ut frå følgjande kriterium: gjennomføring på ph.d.-programmet innan seks år, publikasjonspoeng per førstestilling, BOA-inntekter per førstestilling, strategiske vurderingar.

Vi meiner det første kriteriet er viktig og strategisk riktig, og vi treng å oppmuntra til gjennomføring av ph.d.-studiet. Dei to neste kriteria (publikasjonspoeng og BOA) kan òg vera relevante fordi dei seier noko forskingsmiljøet som skal ta imot stipendiatane.

Eit problem med modellen som er skissert, er likevel at det manglar veking av kriteria. Dermed blir modellen uklar. Dette blir forsterka av at modellen inkluderer eit ikkje-målbart kriterium som "strategiske vurderingar". Instituttet foreslår at strategiske vurderingar blir fjerna som kriterium for tildeling av stipendiatstillingar til institutta og sentera. Dette aspektet er allereie teke godt vare på gjennom at det blir sett av ein eigen fakultetskvote med stipendiatstillingar til strategiske prioriteringar, og i tillegg blir det gjort strategiske vurderingar på institutt- og senternivå. IF lyser ikkje ut ei einaste stipendiatstilling utan å gjera strategiske vurderingar. Kriteriet er avgjerande viktig for oss, men som ein del av fordelingsnøkkelen til institutta og sentera forkludrar det modellen.

IF foreslår ein modell for deling av stipendiatstillingar til institutta og sentera der "strategiske vurderingar" går ut av lista over kriterium, og der det blir laga ein vektad modell. Kriteriet om gjennomføring innanfor seks år bør vektast med minst femti prosent i denne modellen.

Utgifter og inntekter frå BOA

IF støttar som sagt den skisserte modellen der overhead-inntektene blir fordelt likt mellom fakultetet og institutt, og der utgiftene til UiB sentralt (og eit eventuelt underskot) òg blir fordelt likt. I tillegg til å tilføra fastlønsbudsjettet ressursar, er ein slik modell enklare og meir oversiktleg enn den vi har i dag.

Sidan eksternfinansierte oppdragsprosjekt skal budsjetterast med overskot (forventa genvist), bør det presiserast om slike gevinstar vil tilfalla instituttet som før, eller om den nye modellen òg vil føra til endringar på dette punktet.

Oppsummering

- Instituttet støttar ei omlegging av budsjettmodellen der ein større del av BOA-inntektene går til å sikra rammene for fastlønsbudsjettet ved fakultetet.
- Det er viktig å ta på alvor at eit redusert driftsbudsjett vil gje oss endå større utfordringar lokalt, særleg med å finna midlar til vikarar/sensarar og til forskingsstøtte.
- Publikasjonspeng bør ikkje vera eit kriterium for den resultatbaserte overføringa til driftsbudsjettet.
- Fordelinga av stipendiatstillingar til institutta og sentera bør basera seg på ein vekta modell der “strategiske vurderingar” ikkje er inkludert, og der gjennomføring innanfor ein seksårsperiode blir vekta med minst 50 prosent.
- Det bør klargjerast om gevinst frå oppdragsprosjekt skal fordelast som før (til instituttet), eller om dette blir endra med den nye modellen.